

# Bok på 1-2-3

## Knokedunk

Av Åsmund H. Eikenes og Eivind Gulliksen

**Tverrfagleg undervisingsopplegg for barnetrinnet 1.–4. i norsk, naturfag og kroppsøving. Verdigrunnlaget i opp-læringa: Menneskeverdet, skaparglede, engasjement og utforskarkrøng. Respekt for naturen.**


**Tid: 90 minutt**

Knokedunk er ei sakprosa- og biletbok for barn. Boka tek føre seg skilnader og likskapar mellom menneskehender og dyrehender. Forfattaren har ei doktorgrad i kreftbiomedisin og har også skrive *Handboka: alt du vil vite om hendene dine – og litt til til vaksne lesarar*. Knokedunk er tematisk og pedagogisk lagt opp og møter nyfikne og undrande barn i barnehøgd.

Sjå på alle dei ulike dyrehendene! Vi menneske har hender med fem fingrar. Dyra har hender med skarpe klør, sugekoppar og seks fingrar. I Knokedunk blir du kjent med dyr som kan grave, klore, symje og fly. Klarar du å gjere det same med hendene dine?

### Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektør. Finne fram utdraget av boka.
- Rom til å kunne utfalde seg fysisk og framføre til publikum. Lydkjelde av god kvalitet til musikk. Eventuelt svarte grunn-kostyme/kostyme/ansiktsmåling. Skap det magiske rommet for fantasi, leik og ei kunstoppleveling.



### Formål etter læreplanen frå 2020

#### Norsk

- Lese og lytte til faktabøker og andre tekstar på nynorsk, og samtale om kva tekstane betyr for eleven
- Utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skriving, leik, rørsle og andre kreative uttrykk
- Utforske likskap og skilnader mellom skriving på hovudmål og sidemål

#### Naturfag


- Beskrive korleis musklar og skjelett fungerer, og knyte dette til rørsle
- Undre seg, stille spørsmål og lage hypotesar og utforske desse for å finne svar

#### Kroppsøving

- Utforske og gjennomføre leikar, dansar og rørsleaktivitetar
- Forstå kroppsleg ulikskap mellom seg sjølv og andre, og inkludere andre i ulike rørsleaktivitetar


# 1 Før lesing (5 minutt)

- Sjå på framsida. Kva er tittelen på boka? Kva er å knokedunke?
- Korleis er ordet Knokedunk illustrert? (Det har feite bokstavar dekorert med bein) Kvifor trur du bein er brukt i dekoren i tittelen?
- Kven er det som knokedunkar på framsida, trur du?



# 2 Lesing (20 minutt)

- Les boka for klassen, og vis ho samstundes på smarttavle.  
Ta dykk god tid til å sjå på detaljane i bilete og tekst.



### 3 Etter lesinga (20 minutt)



Kan menneske fly med hendene?  
(Utsnitt frå boka)

#### Snakk saman

- Kven er hovudpersonen i boka? (Ein gut)
- Kvifor og korleis er hender viktige verktøy for både menneske og dyr? (Med hender og armar kan vi klore, klatre, grave, symje og fly)
- Kva tenkjer og grublar den vesle guten på i møte med dyra? Kva treng han av utstyr for å kunne gjere det same som dyra? (Han filosoferer over alt han kan gjere med hendene sine, og vil finne ut kva andre dyr kan gjere med sine. Han ser også at han treng reiskapar som klatreutstyr, spade, hengekøye og kniv for å kunne gjere det same som dyra)
- Korleis ser hendene til menneske og dyr ut på utsida og inni? Korleis er vi like og ulike? (Inni, når vi ser korleis dei er bygde opp, kan vi sjå at dei liknar kvarandre. Utanpå ser dei nokså forskjellige ut)
- Kva ulike namn har ulike dyr på «hendene sine»? (Hender, potar, klør, loffar, kluver eller venger)
- Kor lange tunellar kan moldvarpen grave på ein dag? (Opp mot 30 meter – like lange som to skulebussar!)

Studer teikningane i boka som viser tverrsnittet av skjelettet til dei ulike dyra sine hender. Legg merke til korleis skjelettet ser ut inne i potane til tigeren, vengene til flaggermusa og loffane til selen. Vi kan sjå at inne i vengen til flaggermusa og inne i framfoten til elefanten skjuler det seg eit skjelett med fem fingrar. Skjelettet er bygd opp av knokar som vi kan telje. Vi tel alle dei 30 knoklane i armen til guten.

## 4 Knokedunkdansen (45 minutt)

Lag ein dans der de bruker rørsle, rytm, tempo, takt og dynamikk som illustrerer å klappe, klore, klatre, grave, symje, fly og knokedunke.

La dykk inspirere av rørlene til mennesket, tigeren, kvalen, elefanten, ein axolotl og ein robot.

1. Vi varmar opp kroppen og evna til leik og utfalding gjennom dyresisten.
2. Saman eller i grupper skal de leike fram rørsler og rørslemåtar til dei ulike individua. De kan la dykk inspirere av filmar og fantasien av dei ulike individua. Som lærar er du engasjert og deltakande, og skaper eit trygt rom å utfalde seg i.
3. Dans individuelt og saman, fritt og i fast form. Alle skal vere inkluderte. Ver merksam på blikkontakt, energi og tilstadeverering.
4. Ved hjelp av improvisasjon og faste rørslemønster lagar de ein komposisjon/koreografi av dansen dykkar. Øv til dansen sit godt i kroppen og i gruppa.
5. Framfør for nokon. Lykke til!

De kan til dømes nytte komposisjonen Bumbo av Moondog (finst på YouTube og Spotify).

Du som er lærar, kan finne inspirasjon frå dansar og skodespelar Martin Slaatto og filosofien hans om rørsle, kunst, leik, trening, dans og kunst, mellom anna her:  
[www.nrk.no/osloogviken/han-vil-at-du-skal-danse-til-jobb-1.11933783](http://www.nrk.no/osloogviken/han-vil-at-du-skal-danse-til-jobb-1.11933783)



Utsnitt frå boka.